Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68 | Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Voss.

Emne: Bålbrenning visse dagar i året. | Bygdelag: Voss.

Oppskr. av: M. Gjøysen. | Gard: Rogne.

(adresse): Voss. | G.nr. 49 Br.nr. 17.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Namn.

1. Bålet kallar me brising, sume segjer bål-
2. Om våren reinskar ein uppi hagar og
ymse andre stader. Det kallar me gjerne:
bråtabrenning - slikt som me sankar
saman då me rydjar om våren.
3. Ein verkeleg stor brising kallar me
gjerne bål. T.d. jonsokbål -

Tida.

4. Eg hev høyrt fortalt, at sume i eldre
tider brende brising for å halda
vande vette burte frå garden - men
eg hugsar det inkje.
5. Kan ikkje hugsa om „julelog" - men
eg hev høyrt fortalt at på avsides
garda laga dei slike ljosstenger
med brennande tyristikkar bundne
saman med vidjar som eit signal
til andre heimar.
6. Har inkje høyrt at dei brende bål
i påskehelgi.
7. Min mann som var 10 år eldre enn
meg. Han fortalde at han var tidleg

14084

7. oppe påskemorgon, som liten gut, og gjekk op på eit lite fjell for å sjå sola sprette og i fantasien tykte han verkeleg å sjå kor ho dansa –.
Men noko bål brende dei inkje.
8. a. Dei brende bål jonsok-kvelden.
b. Sume ogso pinseafta.
c. Har inkje höyrt dei brende i jula
d. Men Olsok-kvelden såg me gjerne mange brisingar kring mitåne.
9. Dei rakka gjerne isaman noko ved å brende liten brising förste dagane dei låg på stölen. Dette gjorde dei, for å visa at no var dei komne til stöls med buskapen sin –.
Dei eldre hadde mykje tru på elden for alle vette björnen med var rædd når dei såg brisingar – Salig kunde mi bestemor fortelja. Då ho låg på stölen med barni höyrde ho slik knaking og bråking oppi skogen – jau der kom björnen ruslande ned mot selet. Bestemor skulle ha lite og då, og 4 barn var med på stölen. Ytredöra var delt i 2. Den överste döri stod opi. Resolut tok bestemor ei stong, på den sette ho til ein stor næverkurle. Næverla låg i skotet – So rette ho stongi rett i snuten på björnen. Han brumma noko og drog tilskogs –.
10. Har inkje höyrt om det.
11. Dersom dei brende brising for vette og troll, so var det ingen bestemt dag. Dei brende når dei fekk innskytelse til det –.
12. Kunde godt brende ved midnatt, eller seint på kvelden.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14084

13. Dei som hadde tru på det verna både folk og krøter brende gjerne bål heile natta.
14. Dei hadde gjerne visse stader som dei brende bål. Det kunde vera på Hangaren oppe i Gråsida oppå Lønekarga. På Bø= jarmoen eller Trildemoen. No er det helst på Trildemoen dei brenn bål.
15. Ein brende gjerne fleire bål t.d. jonsok og Olsok men ein var ikkje bunden til å ha det på same staden. Det kunde skifta.
16. Dei brende ikkje bål på kvar gard.
17. Dersom dei brende bål ved grindene så kallar dei det berre brising.
Dei som steller med bålet og tenner det.
18. Både unge og eldre er gjerne med når dei brenner bål. Men helst er det no ungdomen då.
19. Gjentene er velkomne gifte kvinner og på.
20. Borni lagar gjerne små bål til skrapt for mange. Men dei får alltid vera med dei vaksne når dei brenner.
21. Ungdomslagi samlar seg gjerne og brenner bål. Dei tok til med det omlag ved 1900 talet.
22. Har ikkje høyrt om det her på Vass.

Korleis dei bygde bålet.

23. Forni åt bålet kunde vera so ymist alt etter byggmeistarane.
24. Dei brenn alt dei kan få tak i. Gjerne 9 slags lauvved, reisk og rask som dei kan få og prikken over i en er no dersom dei får ei tjøretunna på toppen av bålet.
25. Det kunde har eg høyrt at dei laga ei halmkjerring på ein lang staur og brende. Det skulde då symbolisera ei trollkjerring.

14084
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

## Korleis dei fekk bålyrke.

26. Dersom ikkje snidde folk gav dei nok bål=
yrke måtte dei gjerne kjöpa lit. Dei
tok då kva som helst, berre det var billigt.
27. Feer som hadde noko dei kunde avsjå
gav noko til bålet.
28. Ingen sa noko for det om dei tok
noko som låg og sleng, når det var
til bålet i grendi.
29. Har inkje höyrt noko namn på dette
30. ja det er ein gamal tradisjon som
kverv meir og meir burt, trur eg.

## Korleis bålet skulde vera.

31. Båli var ymsne. Store og mindre.
I seinare tid er dei vortne små.
32. Det var gromt å ha störste bålet.
33. Det flottaste bålet hadde stor flamme
og lyste langan leid.
34. Har inkje höyrt at dei sette pris på at bå-
let rauk mykje.
35. Det var morosamt tykte dei, når det spru-
tta gneistar. Sume hadde lit krut i bålet.

## Kva bålet skulde tena til.

36. Ei gamal ygerken sa, at all eld dreiv burt
vonde vette og all skrymt som skramde.
37. ja det verna og frå krötera denne elden.
38. Dei kasta gjerne branda på akeren
for å få god avling.
39. Dersom flammen gjekk fint tilveirs
vart det godår. Der röyken tok veg
var det mindre bra, såleis og med gneistane.

## Sjölve festen med bålet.

40. Me kallar det jonsokleik og St.hans.dans.
41. Det var og er helst ungdomar ved bålet.
42. I ta tida farlat dei gjerne bålet.
42. Det vart gjerne drukke og ved bålet,
og gjentene hadde kaker eller lefser med.
men no er det slut med niste.

14084
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

44. Stundom dansa dei rundt bålet og stundom hadde dei ein danseplan attmed bålet. Var det ein låve tett med dansa dei der –.

45. Dei som passa bålet likka gjerne og hoppa rundt det og over det tilsist.

46. Dei kåtaste kunde finna på mange ting for å visa seg, sålis sprang dei gjerne gjenom röyken og så.

47. Sume tok med seg kol frå bålet og göymde under hovudputa si. Då skulde dei få dröyma om kjærasten sin.

48. Jonsoknatti tam dei 7 sortar gras og la under hovudputa si. Då skulde dei og få dröyma om sin tilkomande –.

Skikken i dag.

49. I dag har den helst ei uppgåva som tradisjon, å samla ungdomen til ei hyggestund rundt bålet. Det er fest med natsjonaldrakter og handargel munnspel og dans –.

50. Skikken med bålbrenning har minka mykje i det siste. Det er så mykje av dette nye som fanga interessane.

51. Grunnen til at det har minka med bålbrenning må vel mykje vera. Dei gamle tinerne har kvorve burt og kino og teater tek både unge og eldre i vår tid.

14084

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING